

Referat frå møte med studentar på bachelorprogram i latinamerikastudiar 09.03.2011

Det stilte 8 studentar på møtet med underteikna programsensor. 7 av dei var anten i gang med bacheloroppgåva eller var ferdig med den, medan ei var 2. kullstudent. Det var representantar frå Geografi (GEO) og Spansk og latinamerikastudiar (SPLA). Før møtet hadde programsensor gjennom koordinator Ingunn Voster oppmoda om at ein spesielt inviterte studentar som hadde vore på utveksling og/eller som heldt på med eller hadde avslutta bacheloroppgåva, sidan det er desse to områda som er spesielt omfatta av arbeidsoppgåvene av inneverande avtaleperiode (2010 og våren 2011).

Møtet blei avvikla over ein knapp time (12:15-13:05) i rom 216 på HF-bygget. Det blei tatt opp spørsmål i samband med dei nedanfor nemnde punkta.

• 1): Er studentane nøgde med opplegget for bacheloroppgåva?

- Dei studentane som møtte opp, er stort sett nøgde. Somme av dei som hadde skrive bacheloroppgåve, peikte på at emnet for oppgåva kunne vera eit problem. Dei oppgjevne emna kan vera innanfor nokså avgrensa område. Nokre reagerte til dømes då dei fekk oppgjeve emne som måtte vera innanfor feltet kjønnsstudiar. Det var likevel usemje her, andre var godt nøgde og tykte dei hadde lært mykje. Ein har rett nok eit alternativ til oppgjeve emne, nemleg å ta eit valfritt, men dette blir stort sett for krevjande, etter dei fleste studentane si meinings, og blir berre noko ein gjer dersom ein i utgangspunktet har spesielle interesser, der ein kan finna fram til hjelp og litteratur på eiga hand.
- Nokre av studentane på SPLA nemnde at det kunne vera lurt å få tema for bacheloroppgåva før ein fór på utveksling, slik at ein kunne nytta utanlandsopphaldet til dømes til å samla inn stoff eller intervjuva folk i samband med utvekslinga. Det same gjeld ikkje for til dømes GEO, der oppgåva er meir litteraturbasert.
- Fleire streka under at dei hadde hatt god nytte av rettleiinga, medan andre meinte at denne delvis kom på feil tidspunkt (i starten og på slutten av arbeidet med bacheloroppgåva), og tykte ein burde ha høve til rettleiing meir enn to gonger.
- Det såg ut til å vera semje om at lærarane / rettleiarane burde leggja meir vekt på metode i undervisninga, både generelt i undervisninga og når studentane meir spesielt arbeider med bacheloroppgåva.

• 2): Er studentane nøgde med opplegget for utveksling?

- Dei fleste uttrykte at dei er nøgde med opplegget for utveksling, sett bort frå at nokre av dei gjerne ville hatt tema for bacheloroppgåva før dei reiste (sjå under pkt. 1).
- Dei som hadde vore på utveksling, meinte det hadde vore svært nyttig for å praktisera og forbetra den praktiske språkmeistringa.
- Somme tykte dei ikkje fekk nok hjelp til å finna universitet som UiB ikkje har avtale med.

• 3): Kvifor latinamerikastudiar?

- Alle dei som møtte, hadde ei genuin interesse for Latin-Amerika og poengterte at dei gjerne ville setja seg godt inn i ulike forhold ved området, i tillegg til at dei ville læra meir spansk. Dei hadde òg ønske om å læra meir spansk. Ingen av dei frammøtte hadde heilt klart føre seg kva dei skulle arbeida med etter studia, men dei hadde lyst til å nytta kompetansen frå latinamerikastudiet på område som undervisning, journalistikk, bistandsarbeid, næringsliv og diplomati. Det verka som dei fleste ønsktes å finna seg arbeid der dei kunne arbeida i tilknyting til Latin-Amerika.

• 4): Andre kommentarar

- Somme nemnde at dei skulle ønska meir bruk av spansk i undervisninga, også i samfunnsfaga.
- Dei fleste har ein viss identitet til programmet, sjølv om ein har mest omgang med dei som går på same kullet.
- Det blei uttrykt at det er ”stor synd og skam” at programmet blir lagt ned.

Johannes Nymark
programsensor